



Tysdag før palmesøndag er dagen for innsamlinga til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Denne kvelden vil konfirmantane i Uskedalen og Husnes og Holmedal sokn gå rundt med bøsser og samle inn pengar for Kirkens Nødhjelp, som i år har eit spesielt fokus på økonomisk rettferd. Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom i verda, og urettferdigheit tek menneskeliv kvar dag. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom for fleire.

Pengane som vert samla inn, går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda. Kirkens Nødhjelp driv både langsiktige prosjekt for ei betre framtid, og akutt naudhjelp for å berge liv og hjelpe folk som vert råka av katastrofer.

Konfirmantane kjem i kveldinga med **plomberte bøsser som er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp** og har **ID-merke** med namnet sitt på og nummer som samsvarar med nummeret på bøssa. Slik kan gjevarar sjå at dei har fullmakt til å samle inn til Kirkens Nødhjelp.

Vær obs! på at bøssene er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp.

Ta godt imot bøsseberarane frå Kirkens Nødhjelp!

Helsing Kristian Due
Prest